

Sak 9.4 - Økonomisk stønad til Nysæter Ungdomsskule

Bakgrunn:

Årsmøtet gjorde i fjor vedtak om at styret i IL Solid i første omgang får høve til å bruke inntil to millionar av hovedlaget sine midlar til å gå inn i prosjektet, om Nysæter Ungdomsskule vert realisert med klatrehall, basishall og 25m basseng, og at me forplikta oss til å prøve å bidra med minst ytterlegare tre millionar.

Dette hadde ei effekt og i i kommunestyremøtet 20. juni 2019 bad kommunestyret om at det i anbodspapira vart bedt om opsjonar på 25 meters svømmebasseng som skal tilfredstillast krava til opplæringsbasseng, og eigen klatrehall som del av prosjektet.

I tillegg vart det bedt om opsjon på ein basishall (20 x 25 * *m) i forlenginga av fleirbrukshallen, men kommunestyret la til grunn at dette ikkje skulle medføra auka nettokostnad for kommunen og at eventuell utløyning av denne opsjonen vil måtte skje med eksterne midlar som statstilskot, bidrag frå Solid IL o.l. *

I denne samanheng er styret særst glade for at idrettslaget vil motta ei gåve frå Sparebanken Vest på ein million, øyremerka basishallen.

Eit viktig mål for IL Solid har gjennom heile hallprosjektet vore å skape ein god møteplass, der me samlar idrett, kultur og frivillige under same tak, sidan me trur dette skapar gode synergjar som kjem både IL Solid, bygda og andre frivillige til gode.

For å lukkast med dette er me avhengig av at me klarar å få til gode anleggs på skulen og at aktivitetar kan skje parallelt. Om alle tre opsjonane vert innfridd vil spesielt turngruppa, handballgruppa og til dels symjegruppa få mykje betre terningstilhøve i bygda. Me har stor tru på at dette vil bidra til ein god medlemsauke i dei respektive gruppene, samstundes som me får høve til å starte opp med nye treningstilbod.

Diverre er ikkje løysingane i prosjektet optimale for fotballgruppa, sidan den planlagte fotballbanen ikkje dekkar klubben sine behov.

Det vil likevel bli viktig å sjå etter måtar å knytte fotballgruppa sine aktivitetar og medlem opp mot aktivitetane i og rundt hallen. Fotballgruppa engasjerer mange dyktige og engasjerte frivillige og er den største bidragsytaren til økonomien i IL Solid.

Sjølv om det i utgangspunktet er hovudstyret som disponerer pengane til IL Solid, er det

(og skal det alltid vera) eit viktig prinsipp at inntektene i gruppene og skal disponerast av den same gruppa, sjølvsagt i samsvar med kva som er budsjettert og godkjent av årsmøtet.

Styret inviterte 24. mai til arbeidsmøte der tema var kor mykje klubben skal bidra med økonomisk opp mot hallprosjektet. Her vart tilrådinga frå dei som deltok at IL Solid aukar tilskotet med fem millionar, inkludert den eine millionen me vil motta frå Sparebanken Vest og to millionar frå fotballgruppa, gitt at klubben jobbar for å få til ei form for tilbakebetaling til fotballgruppa i etterkant.

Overfor kommunen vert det viktig at IL Solid får ei motyting for midlane klubben bidrar med. I andre prosjekt i kommunen har idrettslaga og bidratt med midlar til bygging av idrettsanlegg. Midlane har då blitt sett på som eit forskot på leiga, og klubbane har fått redusert/blitt fritatt frå leige over ein gitt periode.

Forslag til vedtak

Styret får løyve til bruke opp til fire millionar av klubben sine oppsparte midlar, i tillegg til gåva på ein million frå SPV, til å realisere basishallen på Nysæter Ungdomsskule, mot at idrettslaget får ei motyting på ein tilsvarande verdi.

Årsmøtet forventar at kommunestyret følgjer opp kommunestyrevedtaket frå i fjor og finansierer opsjonane knytta til basseng og klatrehall. Om opsjonane ikkje vert innfridd får styret fullmakt til å gjere ei avgjersle om å bruke opp til det same beløpet mot at det skjer gjennom eit einstemmig vedtak i styret.

Styret forpliktar seg til å jobbe for at det vert realisert ei meir hensiktsmessig fotballflate tilknytta Nysæter Ungdomsskule. Styret må og jobbe med tiltak, aktivitetar og avtalar som gjer at fotballgruppa får tilbake dei midlane som no vert omdisponert frå fotballgruppa til hallen.